



Sondre Villanger

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/195 - 14/6627

Saksbehandlar:

Helge Vallestad

helge.vallestad@radoy.kommune.no

Dato:

17.06.2014

Gjeld søknad om skulebytte

Viser til søknad datert 11.06.14 om at Marius og Vetle Grindheim Håland, f. 02.03.2007, får gå på Manger skule når dei byrjar i 2. klasse hausten 2014, sjølv om dei ei tid vil bu slik at dei soknar til Hordabø skule.

Radøy kommune har tidlegare innvilga tilsvarande søknader så lenge ikkje særlege omsyn tilsa noko anna, og så lenge det å innvilga føresette sine ønskje ikkje påfører kommunen ekstra kostnader.

Kommunestyret har i sak 08/2013 delegert avgjerdsretten i slike saker (Opplæringslova §8.1) til rådmannen.

Rådmannen gjer med dette følgjande enkeltvedtak:

Søknaden frå Sondre Villanger om at Marius og Vetle Grindheim Håland, f. 02.03.2007, får gå på Manger skule når dei byrjar i 2. klasse hausten 2014, vert innvilga. Det er ein føresetnad for innvilginga at føresette dekker eventuelle ekstra skysskostnader.

Ankerett:

Enkeltvedtak om skulebytte kan påklagast til Statens utdanningskontor (Opplæringslova, §15.2). Eventuell klage må sendast Radøy kommune v/ rådgjevar Helge Vallestad innan tre veker frå de får dette vedtaket. (Fristen er i samsvar med Forvaltningslova. § 29)

Med helsing

Helge Vallestad
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kopi til:

Jill Kristin Grindheim Bø
Silje Vikøren Palmesen

Mottakere:

Sondre Villanger